



Prosjektleder Oddbjørn Helland og skogbrukssjef Terje Natland under skogkvelden

I Kvinnherad er det i dei næraste 20-30 år behov for 33 kilometer ny skogsveg og 6 kilometer ny traktorveg og ein betydeleg del av dette behovet finn ein i Uskedalen og då ikkje minst på Døslandsido.

Dette vart opplyst under skogkvelden i Bringedalsbygda ikveld der prosjektleder for skogsvegprosjektet i Hordaland og Rogaland Oddbjørn Helland orienterte. I dag er det 87 kilometer skogsveg og 131 kilometer traktorveg i kommunen.

Men Helland innrømte at det er ein god del utfordringar når ein skal dekkja eit slikt behov og lista dei opp slik:

- * Egedomsstrukturen
- * Tømmerprisane
- * For tilfeldig bruk av areala
- * Aukande anleggskostnad
- * Generell interesse for skogbruk
- * Skogkompetanse i kommunane
- * Lokale 'høvdingar'
- * Offentleg vegnett

Prosjektet som Helland leiar omfattar 24 av dei 33 kommunane og Kvinnherad er ein prøvekommune som vil vera ein mal for dei andre. Det skal lagast ein hovudplan som består av bakgrunnsinformasjon, sentrale trekk ved skogbruket i kommunen, målsetjing og strategi for skogsvegbyggjinga, verdiskaping i planperioden og ein kartdel. Planen skal til slutt behandlast politisk og deretter skal ein ta for seg kvart einskild område.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Leiar i skogeigarlaget Ragnvald Vaage